



Stryn Kommune

Pleie - og omsorgstenesta

Søknadskjema for helse- og omsorgstenester i Stryn kommune

Ikkje offentleg, Offentlighetslova §13 og Forvaltningslova §13

Namn:			Personnummer(11 siffer)		
Adresse:			Telefonnummer:		
Sivilstand:	Gift:		Ugift:		Enke /Enkemann:

Næraste pårørande/Verge:			Evt. slektskap:		
Adresse			Tlf.nr.:		
Fastlege:			Tlf.nr.:		

Kva treng du hjelp til:

Kva tenester har du frå kommunen i dag?



Stryn Kommune Pleie - og omsorgstenesta

Tenester:

Tryggleiksalarm- Vedlegg til søknad om tryggleiksalarm må leggest ved		Støttekontakt/ Treningskontakt		Dagtilbod Psykiatri
Middag		Omsorgsløn		Dagtilbod Stryn Arbeidssenter
Tørrmat		Rehabiliteringsgruppe Slag og Afasi		Buoppfølging/ miljøarbeid i heimen
Kvardagsrehabilitering		Dagtilbod demente		Psykisk helsearbeiderteneste
Heimehjelp/praktisk bistand i heimen		Avlastingstilbod for Funksjonshemma		Heimesjukepleie

Institusjonstenester og bufellesskap med heildøgns tenester:

Rehabiliteringsopphald		Korttidsopphald		Avlastningsopphald
Dagopphald		Nattopphald		Langtidsopphald
Bufellesskap				

Samtykkje og underskrift:

Ved søknad om tenester samtykkjer eg i at det vert henta inn relevant informasjon for å handsame søknaden på ein god og forsvarleg måte. Helsepersonell eller andre offentleg tilsette som kan gje denne opplysninga vert fritekne frå teieplikta overfor dei som handsamar saka mi. Dersom det er trong for unntak av særskilde opplysningar må skriftleg reservasjon leggest fram.
Eg samtykkjer i at kommunen innhentar nødvendig informasjon om likningsopplysningar for beregning av egenandel og vederlagsberegning.

Samtykkje kan trekkjast tilbake når ein måtte ønskje det.

Stad og dato: _____

Søkjar si underskrift _____

Underskrift pårørande, verge eller andre med fullmakt _____

**Søknad sendast Postmottak Stryn kommune, Tonningsgt 4, 6783 Stryn.
Kan også leverast på aktuelt omsorgsenter.**



Stryn Kommune Pleie - og omsorgstenesta

Informasjon til tenestemottakar gitt før underskrift av søknad og samtykkeerklæring.

Elektronisk journalføring

Stryn kommune nyttar elektronisk journalføringssystem. Formålet med dette systemet er å gi betre teneste til brukarane, og samstundes overhalde dokumentasjonsplikta i lov og forskrifter.

Ved samarbeid med andre etatar

Kommunen innhentar samtykke frå den enkelte for å samle naudsynt informasjon frå andre delar av sosial- og helsetenesta som grunnlag for å fatte riktige vedtak. Du samtykker til at ein kan ta kontakt slik at du kan få tilbod om andre aktuelle tenester du kan få tilbod om utan å søkje (som td. tannhelseteneste, fysio/ ergo/ hjelpemiddel). Jamfør krav til teieplikt i høve lovverk. Opplysningane kan bli gitt/ innhenta elektronisk via sikre kommunikasjonskanalar.

Representasjon

Den som er part i ei sak har i utgangspunktet rett til å la seg representere av fullmektig. Fullmektig kan vere pårørende, verje, advokat eller andre. Om den som representerer parten ikkje er advokat, skal det framleggast skriftleg fullmakt, jamfør forvaltningslova § 12, siste ledd.

Brukarstyrt personleg assistanse

Brukarstyrt personleg assistanse er ein alternativ måte å organisere visse helse- og omsorgstenester for personar med sterkt nedsett funksjonsevne som har stort behov for bistand i dagleglivet. BPA innebær at brukaren har arbeidslederrolla. Du må kontakte pleie- og omsorgstenesta i kommunen med evt. Ynskje om slik organisering.

Eigenbetaling

Det vert krevd eigenbetaling for praktisk hjelp med eigenandel fastsett av departement/kommunestyre. Husleige for bustader vert fastsett av kommunestyret.

Heimesjukepleie er utan eigenbetaling.

Avlastning er utan eigenbetaling.

Vederlag for institusjonsopphald vert kravd etter reglar og satsar fastsett av departementet.

Ein føresetnad for å få teneste med eigenbetaling er at ein samtykkjer til innhenting av informasjon om likningsopplysningar.

Tilbod om fri tannbehandling

Du har rett på fri tannbehandling hjå den offentlege tannhelsetenesta når du jamleg mottek helsehjelp. Tilbodet er til utviklingshemma og rusmisbrukarar i og utanfor institusjon, eldre, langtidssjuke og uføre i institusjon og i heimesjukepleien. Dersom du ønskjer å nytte tilbodet, må tannklinikken få melding med ditt samtykke og opplysningar om kva medikament du brukar, då dette har ein del å seie for tannhelsa di.

Tilrettelegging ved tildelt hjelp i heimen

For å kunne hjelpe deg må du samtykke i at det utførast ei arbeidsplasskartlegging av heimen din, samt at det der det er nødvendig vert tilrettelagt med hjelpemiddel (som td. sjukehusseng, toalettstol, personheis, støttehandtak eller liknande). Dei tilsette i heimetenesta har krav på eit forsvarleg arbeidsmiljø i høve arbeidsmiljølova kap 4. Kartlegginga og evt. tilrettelegginga gjerast for at kvar brukar i heimetenesta skal få ei god og sikker hjelp. Ei slik tilrettelegging kostar ingenting for deg som brukar.

Opplysningar til statistiske formål

Nokre av opplysningane vi innhentar for å behandle søknaden din vert registrert i IPLOS, eit nasjonalt helseregister. Desse opplysningane treng vi også som eit grunnlag for å vurdere ditt behov for tenester. Formålet med å registrere IPLOS - opplysningane er å få ei god behandling av søknaden din og gje deg tenester som er best mogleg tilpassa ditt behov.



Stryn Kommune

Pleie - og omsorgstenesta

Opplysningane dannar grunnlag for statistikk til kommunen og statlege myndigheiter, slik at myndigheitene kan få gode kunnskapar som grunnlag for planlegging og utvikling av tenestene. Opplysningane vil verte anonymisert og oversendt til Statistisk sentralbyrå som utarbeider den nasjonale statistikken. Opplysningane skal også kunne brukast i forskning.

I følge "Forskrift om IPLOS-registeret" §1-8 treng ikkje kommunen innhente samtykke for å sende inn til staten anonymiserte IPLOS-data om personar som har søkt, mottek og har motteke sosial og helsetenester. Du har imidlertid rett til å reservere deg mot at diagnose opplysningar blir sendt til IPLOS registeret.